



Kommunane i Møre og Romsdal
M&R fylkeskommune, utdanningsavdelinga
Skoleleiarar i grunnskole og vidaregåande opplæring

Fylkesvise konferansar om lokalt arbeid med læreplanar og læringsmiljø Molde, Rica Seilet Hotel, 19. november 2013

Vi viser til embetsoppdraget for 2013, der Utdanningsdirektoratet ber fylkesmennene om å arrangere gratis fylkesvise konferansar om lokalt arbeid med læreplanar og læringsmiljø. **Dagskonferansen** i Møre og Romsdal finn stad i Molde, Rica Seilet Hotel – Bjørnsonsalen, tysdag 19. november kl. 10.00 – 16.00. Frammøte/registrering/kaffe frå kl. 09.30.

Målgruppe er kommunale, fylkeskommunale og private skoleeigarar, samt skoleleiarar i grunnskole og vidaregåande opplæring. Om ønskeleg, kan fylkeskommunen invitere med seg dei fylkesvise fagnettverka.

Formålet med konferansen er å styrke målgruppa si rolle og samarbeid om å initiere, støtte og følgje opp lokalt arbeid med læreplanar, grunnleggande dugleikar og læringsmiljø. Betre læringsmiljø handlar om eleven sin rett til eit godt miljø, samt skolens breie mandat og forholdet mellom elevane sin faglege, personlege og sosiale utvikling. Utdanningsdirektoratet er i denne samanhengen opptatt av at både Formålsparagrafen, Generell del av læreplanen og Prinsipp for opplæringa må speglast att i det lokale arbeidet med læreplanar. Ulike verktøy som kan støtte det lokale arbeidet vil bli presentert, m.a. den nye Ståstadsanalysen. Også kvalitetsvurdering vil vere eit tema på konferansen.

Vilkår for påmelding: Fylkesmannen dekkjer dagpakker for deltakarane, men reise- og evt. vikarutgifter må arbeidsgivar betale.

Bakgrunn for konferansen: Utdanningsdirektoratet har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet gjennomført ein revisjon av gjennomgåande læreplanar i engelsk, matematikk, naturfag, norsk og samfunnskunnskap. Oppdraget sitt mandat har vore å gjere dei fem grunnleggande dugleikane i kvart fag meir synleg, og gjere progresjonen meir tydeleg. Læreplanane, som var på høyring våren 2013, er no fastsette og gjeld frå skoleåret 2013/2014. Jf. Utdanningsdirektoratet si melding til skolar og skoleeigarar 21.06.2013 om reviderte læreplanar. Sjå også Udir si heimeside: www.udir.no – «Reviderte læreplaner».

I løpet av inneverande skoleår blir det også publisert materiell på www.udir.no - som skal gi støtte og rettleiing til arbeidet med å implementere dei reviderte læreplanane.

Vel møtt til konferansen 19.november!

Med helsing

Jørn Thomassen (e.f.)
Ass. utdanningsdirektør

Liv Marie Opstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Program for dagen

Kopi:
KS M&R
Høgskulen i Volda
Utdanningsforbundet M&R